


AREAL: 735 km<sup>2</sup>  
FOLKETAL: 3852



**E**TNE kommune vart i 1965 slegen saman med den delen av Skånevik kommune som låg sør for Åkrafjorden. Den andre delen av Skånevik – Holmedal og ein del av Åkra sokn – vart overført til Kvinnherad. Både Etne og Skånevik høyrer til den eldste generasjonen prestegjeld i distriktet. Skippreida Etne var identisk med prestegjeldet, medan Skånevik skippreide også femnde om gardane aust på Halsnøy. Ein gammal tradisjon vart såleis broten då Skånevik vart ein del av Etne prestegjeld på 1980-talet.


Etne er ei av dei grøderike jordbruksbygdene på Vestlandet. Heilt frå bronsealderen har gode gardar gjeve velstand og makt, og på overgangen frå vikingtid til mellomalder kjem den mektige Gjerdeætta gradvis inn i rikspolitikken.

Frå gammalt av har det vore tre hovudgardar i Etne: Grindheim, Stødle og Gjerde. Både Stødle og Gjerde var truleg hovdingsete i vikingtida.

I tidleg kristen tid, kring år 1000, har bygdefolket hatt samlingsstader før kyrkjene vart bygde. Steinkrossen ved Grindheim kyrkje har truleg stått på ein slik samlingsstad. Namnet «Krossbakken» like ved kyrkja kan vera eit vitnemål om det. Til Grindheim sokn høyrde gardane i Stordalen og Litledalen, medan fjordgardane høyrde til Gjerde sokn. På begge desse gardane vart det bygt stavkyrkjer, kanskje alt på 1000-talet. Gjerde har truleg vore kongsgard eller krongods. Då Erling Skakke, som sat på storgarden Stødle, hadde fått kyrkja si hjelp til å krona sonen Magnus til konge (1164), grunnla han Halsnøy kloster, og garden Gjerde vart då gjeven til klosteret. Dei første stavkyrkjene som vart bygde på Gjerde og Grindheim, vart vølte fleire gonger gjennom hundreåra, før dei vart erstatta av tømmerkyrkjer på 1600-talet. Erling Skakke bygde ei privat steinkyrkje på Stødle, og denne kyrkja står i dag. Framleis er Etne ei jordbruksbygd, og fornminnebygda Etne er mellom dei mest innhaldsrike i landet. □


*Bygda Etne er rik på fornminne. Her finst gravhaugar, bygdeborgar og bergbilete. Treer er eit uvanleg motiv på helleristningar i Noreg, men vi finn det på Bruteigsteinen – eit særst rikt og variert figurfelt. Ristingane vert daterte til bronsealderen.*

## ETNE



*KLØYVT AV BLÅTT  
OG SØLV VED  
DUESTJERTSNITT*

*Våpenet godkjent ved  
kgl. res. 16.12.1983,  
og er teikna av  
John Digernes  
etter utkast av  
Magnus Hardeland.  
Hardelands utkast hadde  
som motto «samhald»,  
og det skal symbolisera det  
gode samhaldet mellom dei  
to tidlegare kommunane  
Etne og Skånevik  
som vart slått saman  
i 1965. Duestjertsnittet  
er ei av dei meir uvanlege  
delingane i heraldikken.  
Det er ikkje brukt  
i Noreg før Etne tok  
det som våpenmotiv.*



## ETNE

Etne er truleg ei avleing av eldre etja «eggja, driva fram», opphavleg brukt om Etneelva og seinare Etnepollen. Same rot har Atna i Østerdalen og Etna i Valdres. Frette kan innehalda eit eldre elvenamn med tydinga «spurning, å fretta», i samband med at dei har teke varsel av elvevatnet. Sisteledet er ei forkorting av vin «naturleg eng». Støle går attende på eit eldre stuðill «støtte», truleg om terrassar i terrenget. Fjøsna kan mogeleg setjast i samband med gno. fauskr «roten ved». Ebna inneheld ordet emne, som Breievne i Strandebarm. Skånevik, skrivne Skodinar vokr ca. 1360, har same opphavsform som Skøyen i Oslo, av ei uforklart stamme Skað-. Kyrping er mest truleg ei avleing av kurp, sideform til knurp «knute». Sæbo, tyder rett fram; «garden ved sjøen».

